



Ein heidersmann frå Herøysund, treskjerar Reidar Hjelmeland, feirer i dag 90-årsdagen sin og gjer det i Helgheim i Uskedalen av kapasitetsgrunnar.

Men enda meir spesielt er det at han gjer det i selskap med ein kopi av seg sjølv!

Framfor scena står nemlig Reidar i fullt arbeid ved høvelbenken sin samstundes som han nyt festmiddagen like ved.

Reidar har fire søner og ei dotter, men uskedalen.no har grunn til å tru at det er sonen Kjell som er hovudmannen bak prosjektet. Modellen er supplert med ei utstilling av nokre av dei produkta Reidar har laga gjennom sine 72 år som treskjerar. Det er framfor alt peispustarar, vogger, rammer og lysekroner.

Og framleis held Reidar koken i den raudmåla verkstaden sin nede på kaia. Der har han vore i aktivitet i alle år, med nokre avbrot på Sørøal.

(Foto: Ola Matti Mathisen)